



Svein Ottar Rørheim og rundballepressa – klare til innsats i Omvikdalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fleire og fleire løyser spesialoppdrag i samfunnet vårt, dei er ein eller annan form for entreprenørar. Grasberging er eit relativt nytt spesialfelt, som tre i Uskedalen har satsa på: Svein Ottar Rørheim/Tore Musland (i kompaniskap) og Arne Haugland.

Uskedalen Grasberging heiter firmaet. Det har vore oppegåande i tre år no og Svein Ottar og Tore opererar på heile strekninga frå Rosendal til Sunde. I firmaet inngår ein slåmaskin og ei rundballepresse. Traktorane er privat-eigde av dei to. Når det gjeld bemanninga, har eigarane kontakt med ein kar som dei leiger inn etter behov.

- Dette er ein ekstrajobb, eller hobby om du vil, presiserar Svein Ottar når uskedalen.no treff han i gang med tredjeslåtten på leigejorda til Hans Ølver Sandvik i Omvikdalen. Dit kjem han rett frå Herøysund og oppdragsgjevaren er full av lovord etter tre års erfaring:
 - Eg har berre gode erfaringar ved Uskedalen Grasberging. Dei gjer jobben slik ein skal og kjem når dei skal. Men i dag er det eit lite unntak, du ligg ein time etter skjema, seier Hans Ølver. Man han medgjer at uskedalingane nok har skjemt han bort. Hans Ølver har 300 mål gras og treng hjelp utanfrå.

Svein Ottar svarar ja på spørsmålet om dette er ein lønnsam ekstrajobb. Men det er ein hektisk jobb, for når det er tid for slått er det begrensa kva ein rekk. Slåtten skal gjerast unna på stuttast mogleg tid og det hender dei held det gåande til klokka to om natta. Deire eigne jorder må dei ta til slutt, når kundane er unnagjort.
 - Vi held på så lenge vi klarar å halde oss vakne, seier Svein Ottar.

Uskedalen Grasberging har mange konkurrentar – og ein av dei er altså å finna i Uskedalen. Men firmaet har mest faste kundar og dei er svært trufaste.

For kvar slått blir grasmengda mindre, men i kronsommaren 2006 har ikke skilnaden vore så stor. Det har vore tre bra slåttar og alle verkar nøgde.

- Men kva med kollisjonen med hjortejakta, vi har høyrte at du har rett på 15 dyr?

- Det blir ingen kollisjon, for enno er det for varmt i veret til å jakta hjort. Dei beste tilhøva er i slutten av oktober eller byrjinga av november – etter lauvfallet, seier Svein Ottar.

Av Ola Matti Mathisen